



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda sjukehusområde møte nr. 4/2023 – Fredag 15. september.

Organisasjon	Navn og stilling	Funksjon	Møtt 15/9
Helse Møre og Romsdal	Mona Ryste, Rådgivar Klinikk Volda sjukehus	Representant og nestleiar LSU	X
Helse Møre og Romsdal	Palma Hånes Klinikksjef Klinikk Volda sjukehus	Representant	X
Helse Møre og Romsdal	Janne Håskjold Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab.	Representant	X
Helse Møre og Romsdal	Kari Standal Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus	Representant	Meldt fråfall
Helse Møre og Romsdal	Hallgrim Myklebust Seksjonsleiar DPS	Representant	Meldt fråfall
Hareid kommune	Ottar Røyset Kommunalsjef	Representant og leiar LSU	X
Herøy kommune	Gro-Anette Frøystad Voldsund Kommunalsjef	Representant	X
Sande kommune	Jørn Velle Moldskred Helse- og omsorgssjef	Representant	X
Ulstein kommune	Kristin Vik Kommunalsjef	Representant	X
Vanylven kommune	Cecilie L. Oppedal Kommuneoverlege	Representant	X
Volda kommune	Svein Berg-Rusten Kommunalsjef	Representant	X
Ørsta kommune	Audhild Mork Kommunalsjef	Representant	Meldt fråfall
Fastlege/ Praksis- konsulentordninga	Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR)	Representant	X
Fastlege/ Praksis- konsulentordninga vara	Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR)	Vararepresentant	
Brukarrepresentant kommune	Eilin Reinaas Norges Handikapforbund (NHF)	Representant	X
Brukarrepresentant HMR	Janne Remøy Endresen SAFO/NFU	Representant	X
Brukarrepresentant kommune vara	<i>Ny vararepresentant under avklaring</i>	Vararepresentant	
Brukarrepresentant HMR vara	<i>Ny vararepresentant under avklaring</i>	Vararepresentant	
Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre	Oddvar Marøy Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre	Sekretariat	X
Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR)	Sissel Ørstavik Aase Rådgivar lærings- og meistringsenteret, HMR	Sekretariat	X

Andre tilstades: Eli Tefre Nordal - kommunalsjef Vanylven kommune, Tommy Dahl - regional innføringsleder Helseplattformen kommunar/sjustjerna , Kirsti Hamar - Innføringsleder i Helse Møre og Romsdal, Arnt Grønvold - lokal innføringsleiar Vanylven kommune

Utvalg	Lokalt samarbeidsutval Volda
Møtenummer	Møte nr. 4/2023

Dato og stad	Fredag 15. september 2023, Vanylven helse- og omsorgssenter, Fiskå
Tidspunkt	Kl. 10.00 – ca. 14.45
Møteleiar	Ottar Røyset
Referent	Oddvar Marøy/ Sissel Ørstavik Aase

Saksliste:

Saknr.	Emne	Saksbehandlar / ansvarlig
30/23	<p>- Velkomen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde.</p> <p>- Kort presentasjonsrunde</p> <p>- Godkjenning av innkallinga</p> <p>Det var ingen saker til eventuelt.</p>	Leiar LSU Volda Ottar Røyset
31/23	<p>Godkjenning av referat frå møte nr. 3/2023 i LSU Volda sjukehusområde (9. juni 2023 – Volda sjukehus)</p> <p>Referat frå førre LSU-møte godkjent utan merknad. Referata lesast på nettsidene til Helsefelleskap/LSU Volda</p>	Leiar LSU Volda Ottar Røyset
32/23	<p>Helseplattformen</p> <p>Generell orientering og status Helseplattformen (HP) i helseføretak og kommunar. Inkl. spørsmål/ dialog rundt innføringa av HP.</p> <p>Tommy Dahl tek oss gjennom PP-presentasjon (vedlagt). Plan for innføring i HMR og Vanylven kommune april 2024. Resten av kommunane på Søre-Sunnmøre har plan om innføring i april 2025. Føreset politiske vedtak då fleire kommunar avventer erfaringane med innføring andre stader.</p> <p>Kirsti Hamar tek oss gjennom PP-presentasjon (vedlagt) vedrørande innføringa av HP i HMR. Målet er å unngå fristbrudd/ vil ha komp.tiltak for å unngå å ta ned kapasiteten og deretter komme «raskt opp i fart»/normaldrift. Rigge seg med ekstra kontroll av systema i overgangsfase jf. slik Ålesund kommune (td. tlf. for å sjekke at e-mld har kome fram).</p> <p>HelsaMi (appen) vert trekt fram. Brukarperspektivet er viktig, vil komme pasienten til gode på sikt.</p> <p>Positiv (og meir nyansert info/kommunikasjon) må ut til innbyggjarar/ tilsette. Der ein får fram «Dei gode historiene», kva konkrete fordelar får dei ulike tenestene. «Dette får vi til» er erfaringa frå dei som har hospitert ved St. Olavs frå HMR, mykje jobb men det vert enklare. Ønske om god kommunikasjon frå pilotkommunen Vanylven og ut til alle andre på Søre-Sunnmøre (sak 33/23).</p> <p><i>Vedtak: LSU Volda tek saka til orientering.</i></p>	Innføringsleder i Helse Møre og Romsdal Kirsti Hamar (digitalt) og regional innføringsleder Sjustjerna Tommy Dahl
33/23	<p>Presentasjon av Helseplattformen i Vanylven kommune</p> <p>Vidare gjennomgang PP-presentasjon (frå sak 32).</p> <p>Vanylven kommune: Go-Live Helseplattformen 27. april 2024</p> <p>Pilotprosjekt legekontor: Go-Live 4. desember 2024 (ønska endra til 1.des ifølge kommuneoverlege).</p>	Arnt Grønvold, lokal innføringsleiar Vanylven kommune og Tommy Dahl

	<p>HP: Kick-off for leiarar og superbrukarar i Vanylven kommune 14/9 med fokus på endringsleiing; «frå kjennskap til eigarskap». Per no er det berre ein «pasientjournal» (første kommune som har felles journalsystem for sine innbyggjarar) men når resten av kommunane/HF kjem med vil det bli ei samhandlingsløysing. Vanylven går ut av SSIKT.</p> <p>Pilotprosjektet ved legekantoret i Vanylven: startar om 80 dagar. 5 legeheimlar, høg motivasjon. Kan vere utfordrande å vere pilot, men gir også meir ressursar. Innspel om å sikre seg godt samarbeid og samhandling mellom td. diagnostikk/tilvisingar til rtg. ol i den perioden (rundt 1. desember).</p> <p><i>Vedtak: LSU Volda tek saka til orientering.</i></p>	<p>+ innspel ved kommuneoverlege Cecilie L. Oppedal</p>
34/23	<p>Gjensidig orientering frå kommunar og helseføretak</p> <p>Klinikk Volda: Sjå vedlagt presentasjon, nybygging MR ferdigstilling slutten av oktober, ønske om samhandling om simulering/ferdigheitstrening også m/kommunar. Kort orientering om prosjekt Digital Heimeoppfølging (DHO): Er no så vidt i gang med pilotpasientar manglar 4 pasientar (dia, hjertesvikt og kols).</p> <p>Kommunane: Vedlagt presentasjon. Leiarkabal på plass i alle kommunane etter eit år med mange endringar. Bytte av journalsystem på fleire legekantor, har hatt ei grei sommardrift, flyktningsmottak utfordrar kapasiteten i helsetenestene, fokus på digitalisering av tenestene.</p>	<p>Ved Klinikksjef Volda sjukehus Palma Hånes og ny leiar i Sjustjerna helse og omsorg Gro-Anette Frøystad Voldsund</p>
35/23	<p>Drøftingssak gjensidig hospitering</p> <p>Hospitering mellom kommunane og sjukehuset. Diskusjon rundt moglege hospiteringsløysingar, tidlegast oppstart vår 2024.</p> <p>Det er utarbeida forslag til gjennomføring og evaluering av hospiteringsordninga (sjå vedlegg). I tillegg er det forslag til at evaluering av ordninga kan samlast (via koordinator) og delast på LSU-møte x 1 årleg.</p> <p>Nokre stikkord:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ca. 10 år sidan ein hadde ei slik liknande ordning på Søre-Sunnmøre - For at det skal fungere er det viktig med ein dedikert person pr. kommune samt ved klinikk Volda - Viktig at det vert forankra at dette skal vere ei <i>gjensidig</i> hospitering - Simuering/ ferdigheitstrening kan vere eit av momenta ein kan inkludere i ei slik ordning - Kan vere eit godt tiltak som er med å styrke/oppretthalde kontinuiteten hjå tilsette - Kan knytast direkte til oppdragsdokumentet i HMR - Klinikk psykisk helse har tidlegare vedtatt at dei skal hospitere (inkluderast i ordninga) - Alle tilsette kan hospitere, ikkje berre helsepersonell (spl/legar), men også leiarar, rådgivarar og andre 	<p>Mona Ryste og Ottar Røyset</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - Forslag å søke midlar/samhandlingsmidlar/statsforvaltar før oppstart. Sjustjerna v/samhandlingskoordinator søkjer i samarbeid med Volda sjukehus. - Vil kunne ha stor overføringsverdi vidare i Helsefellesskapet. <p><i>Vedtak: LSU Volda tek saka til orientering.</i></p> <p>Ein førebur at saka blir drøfta internt i sjukehuset og kommunar og at saka kjem opp som vedtakssak i neste LSU-møte (fredag 17. nov.) med evt. innspel og endringar.</p> <p>Frist for tilbakemeldingar frå kommunar er 25. oktober 2023.</p>	Alle
36/23	<p>Helsefellesskap</p> <p>Orientering: Gjennomgang og orientering om ny Felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal 2023 - 2026 sjå elles sak 19/23 i Strategisk samarbeidsutval (SSU).</p> <p>Ein forsøker å få oversikt over målsetningar frå alle fagutvala og kategorisere korleis status er på dei ulike måla.</p> <p>Det skal vere samling for leiarar og nestleiarar til dialogmøte i starten av oktober, der fagutvala vert utfordra til presisering; kvar er vi? Kvar vil vi vidare?</p> <p>Positivt at det vert meir aktivitet og samarbeid/fellesskap på tvers. Det må jobbast vidare med betre prioriteringar og tydelegare målsettingar.</p> <p><i>Vedtak: LSU Volda tek saka til orientering.</i></p>	Ved representant i felles arbeidsgruppe Svein Berg-Rusten
37/23	<p>Bruk av KAD-plassar</p> <p>Orientering: Gjennomgang om bruken av KAD-plassar (Kommunal akutt døgnenhet (akuttplass) frå 2022 og framover. Sjå vedlagt PP (delt PP med sak 34/23).</p> <p>Diskusjon rundt KAD-plassar og faktisk utnyttingsgrad. Alle kommunane har 0,5 – 2 stk. KAD-plassar pr. kommune. Klinikk Volda opplever av og til ved sprengt kapasitet at det alltid er fullt ved KAD-plassane. Erfaring er at ved sprengt kapasitet ved sjukehus er det også høgt press ute i kommunane. I Hareid, Herøy og Vanylven ++ er det organisert slik at man har ei dedikert seng/plass, men same bemanning/ikkje eiga bemanning for KAD. Nokre stadar meir integrert i kortidsavdelinga.</p> <p>Ønske om vidare samarbeid og betre utnytting av sengekapasiteten mellom kommunane, som bør gjerast avtale om i «rolige tider».</p> <p><i>Vedtak: LSU Volda tek saka til orientering.</i></p>	Oddvar Marøy
38/23	<p>Erfaringar frå sommaravvikling</p> <p>Erfaring med samhandling rundt kommunar og sjukehuset med stort overlegg av pasientar i sommar. Evaluering og drøfting om forbetring rundt dette.</p> <p>Gode diskusjonar rundt samhandlinga, det har vore (veldig) sjuke pasientar som har vore innlagt, reinnleggelsar er lavt, samhandlinga er god. I Ulstein</p>	Mona/Palma og Ottar

	<p>der ein hadde særlege utfordringar i sommar har ein ringt/ hatt dialog med sjukehuset. Utfordringar vedr. utskrivning helg/kveld og manglande opplysningar i fleire av kommunane.</p> <p>Avvik: Viktig at ein melder samh.avvik i henhold til avtalen for å kunne jobbe med forbetringar på dette området. Vidare sak om avvik/utskrivingsklare pasientar vert satt opp på neste LSU-møte 17. nov.</p>	
39/23	<p>Fellesmøte LSU Ålesund Diskusjon rundt eventuelle fellesmøte.</p> <p>Kan invitere inn fagpersonar/tverrgående klinikkar i våre møte også som eit alternativ.</p> <p>Dersom ein ønsker å ha noko felles, så må det planleggast godt framover. I utgangspunktet er dagens møtefora fungerande og stort nok format. Viss det er større saker eller viktige tverrgående saker som skal diskuterast (td. utviklingsplan psykiatri, HP, andre tema) er ein opne for samarbeid/invitasjon rundt fellesmøte.</p> <p>Forslag å ta dialog med LSU Ålesund om felles datoar for (dei fire) møta i 2024, då dette vil gjere det enklare å kunne slå saman/ha fellesmøte på ein av møtedatoane.</p>	Leiar LSU Volda Ottar Røyset
40/23	<p>Eventuelt</p> <p>Neste LSU møte vert fredag 17. november ved Volda sjukehus</p>	Leiar LSU Volda Ottar Røyset